



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato  
14.10.2016  
Dykkar dato  
05.10.2016

Vår referanse  
2016/12877 461.3  
Dykkar referanse  
Anne Lise Molvik

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Om mynde for Goman Rognaldsen AS – Lindås kommune

Vi viser til brev 5. oktober 2016 frå Lindås kommune med spørsmål om det er kommunen eller Fylkesmannen som er mynde for verksemda Goman Rognaldsen AS.

Ved søk i brønnøysundregisteret finn vi at verksemda er registrert med følgjande næringskoder:

- 10.710 Produksjon av brød og ferske konditorvarer
- 47.241 Butikkhandel med bakervarer og konditorvarer

I vedlegget til brevet, *Oppsummering etter synfaring 23.09.2016 - gbnr 108/88 Lindås*, er det vist til klager på forureining til sjø og støy frå verksemda. Det er sendt inn fleire meldingar om at det er observert feitt i sjøoverflata og problem med støy frå vifter, kompressorar og frå verksemda generelt.

Fylkesmannen er forureiningsmynde for einssilde næringsmiddelverksemdar, men vi har ikkje fått delegert mynde for regulering av bakeriverksemdar.

Lindås kommune er mynde for avløpstilhøva etter forureiningsforskrifta kapittel 12 eller 13. Sidan kommunen allereie har mynde etter forureiningsforskrifta, meiner Fylkesmannen at det er naturleg at støy blir vurdert etter folkehelselova kapittel 3 om miljøretta helsevern.

Med helsing

Sissel Storebø  
senioringeniør

Britt Solheim  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

|                     |                   |      |          |
|---------------------|-------------------|------|----------|
| Lindås kommune      | Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |
| Goman Rognaldsen AS | Veråsvegen 234    | 5955 | LINDÅS   |